

# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

KOPI

Austrheim kommune  
Sætremarka 2  
5943 AUSTRHEIM

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 15/942 - 15/6889

Saksbehandlar:  
Kristine Skaiaa Born  
kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:  
19.06.2015

## Landbruksak Gbnr 131/14 Fonnes - Bakkeplanering - Vedtak

Delegasjonssak nr.:

### Saksutgreiing:

#### Tiltak:

Vidar Raugstad søker i epost sendt landbrukskontoret 12/5/2015 om bakkeplanering på gbnr 131/14 i Austrheim kommune. Etter fleire samtaler med søker og heimelshaver for eigedomen, Jan Erik Vikebø, er søknaden redusert til å gjelde arealet mellom vegen og Vestretjørna, sjå kart (under). Det resterende arealet skal sendes inn som ein dispensasjonssøknad. Det er her søkt om å leggje på jord og planere ut for beite. Det omsøkte arealet er om lag 8 daa med skogsmark og 3 daa myr. Skogen i området er nylig avvirket. Påfyllingshøgde vil være mellom 0 og 3 meter og skal følge det naturlige terrenget. Eigar opplyser om at det få steder er hensiktsmessig med så mye som 3 meter med jord, men at det i forbindelse med steinbrudd og veg kan være hensiktsmessig med mye påfyllingsjord for å bevare det naturlige fallet i terrenget.

#### Veg og avkørsle

Søker opplyser om at det skal nyttas ein landbruksveg som går over 131/15. Grunneigar fekk godkjenning av ansvarsrett 24.05.2013. Landbrukskontoret kan ikkje sjå at det forelegg ein ferdigattest. Denne vegen går ut på fv. 565 og her er vegmynde Statens vegvesen. Landbrukskontoret forutset at søker og grunneigar har varsle vegmynde og søkt om dei naudsynte godkjenningar frå Statens vegvesen.

#### Kulturminne

Saka vart sendt til Fylkeskommunen for uttale dagsett 5/6/2015. Etter varsel om synfaring 5/6/2015 var fylkeskommunen på synfaring på området 10/6/2015. Dei handsama etter først innkome søknad og synfarte heile skogsarealet og myra i sør. Fråsegn frå kulturminnemynde lyder: «Viser til tidlegare korrespondanse i saka, og til vårt brev dagsett 05.06.2015 med varsel om

synfaring. Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune gjennomførte synfaring i det aktuelle arealet 10.06.2015. Det vart ikkje påvist synlege automatisk freda kulturminne under synfaringa. Etter ei vurdering av potensialet for funn av hittil ukjende automatisk freda kulturminne i areala som skal fyllast igjen, er det ikkje naudsynt med ytterlegare arkeologiske registreringar. Innanfor tiltaksområdet ligg det ein verneverdig eldre driftsbygning og fleire steingardar. Vi ber om at det vert teke omsyn til desse ved opparbeiding av feltet. Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka i samband med kulturminne.»

#### Naturmiljø

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av søknaden. Det er særleg veklagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Det er ikkje kjende registreringer lokalt av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i planområde. Det ligg ein rik kulturlandskapssjø rett nordaust for tiltaket. Denne kulturlandskapssjøen er spesiell med sin rike utforming grunna tilsig av næring frå omkring liggjande jordbruksområder og gitt verdi «Viktig». Det er opplyst i Naturbase at tilsiget kjem frå nord og aust så avrenning frå tiltaksområdet er lite truleg. I planområdet finnast det ei 3 daa stor myr, kommunen er ikkje kjend med spesielle miljøverdiar knytt til denne myra. Men ei myr yter fleire viktige funksjoner i eit landskap som kvilestad for fugl, flomdempar, viktig habitat for insekter, fugl og planter.

#### Vurdering:

##### Vurdering etter skogbrukslova.

Grunneigar har foryngelsesplikt for skogsmark etter §6 i skogbrukslova (Lov 27 mai 2005 nr. 31 om skogbruk) men då dette arealet skal nyttast som beite faller det utenfor skogbrukslovas virkefelt jf. §2. Vidare sakshandsaming av skogsmarka er etter ureiningsforskrifta Kap. 4 §§4-1,4-2 og 4-4.

##### Vurdering etter nydyrkningsforskriften.

Landbrukskontoret finn det naturlig å vurdere det omsøkte tiltaket på myr som ei nydyrkning avdi arealet skal nyttas for beite som trolig kan fornyses ved pløyning og fell inn under §§2 og 3 i forskrift om nydyrkning. Forhold rundt kulturmiljø og naturmiljø er tidligare diskutert og landbrukskontoret ser ikkje at nydyrkning av arealet får store negative konsekvenser for verken eller. Nydyrkning krever at myra grøftast så overskuddsvatn fraktast vekk før det leggast på nye jordmasser. Jordmasser lagt på myr vil ha andre eigenskaper enn jordmasser lagt på skogsbrunn og kan by på utfordringer med tanke på vekstforhold og egnethet for beiteareal. Eigar og sokjar må difor vurdere kostnad og

nytte knytt til å legge jordmasser på myra. Videre sakshandsaming av myrområdet er etter ureiningsforskrifta Kap. 4 §§4-1,4-2 og 4-4.

Vedtak:


Landbrukskontoret gjer søkjar løyve til å nydyrke myr (3 daa) som vist på kart, med vilkår om at det skal drenast før jordmasser leggast på myrarealet.

Vurdering etter ureiningsforskrifta Kap. 4 §§4-1,4-2 og 4-4.

Landbrukskontoret finn at det omsøkte tiltaket er i tråd med LNF-føremålet i området. Betring av jordbruksareal er eit positivt tiltak og planen for jordpåfylling og planering vert vurdert som godt gjennomtenkt. Det skal fyllast på opp til 3 m med jordmasser avhengig av det opprinnelige terrenget for å skape eit jevnare beite som er enklare å drifta. Planeringsområdet er klart avgrensa i kart og det er allereie etablert veg til planeringsområdet. Landbrukskontoret forutset at det kun nyttast reine jordmasser ved jordpåfylling i området. Dette er viktig for å unngå forureining og å få eit sundt og godt beite for dyra. Reine masser definerast som masser med verdier av ulike stoffer under normverdien i forurensningsforskriften kap. 2.

Det omsøkte arealet er i dag nytta som beite men treng ei opprydning etter hogst for å bli eit fullverdig beite. Ved å fylle på reine masser, planere ut og så til vil beite bli rikare og enklare å drive. Ved påfylling av jord vil området trolig bli dyrkbart og kan ved behov omgjøres til slåttemark. Den landbruksfaglege vurderinga av tiltaket er at det er i tråd med LNF-formålet og vil gje betre beite areal enn det som er i dag.

Vurdering av naturmiljø og kulturmiljø er tidligare omtalt og landbrukskontoret finn at tiltaket ikkje er i strid med gjeldane lovverk, når gitte vilkår følgjes.



Figur 1: Rødt areal er tiltaksområdet. Markert med grønt er Vestretjørna som naturtype (rik kulturlandskapssjø).

**Vedtak:**

Vidar Raugstad får løyve til å fylle på reine masser og planere ut 11 daa, som avmerkt på kart, på gnr/bnr 131/14 i Austrheim kommune. Vedtaket har heimel i Forskrift om begrensning av forurensing kapittel 4. Anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt.

**Vilkår for løyve:**

1. Grunneigar (Jan Erik Vikebø) har gitt skriftleg løyve til tiltaket før igangsettjing.
2. Det skal under opparbeiding av feltet takast omsyn til dei kjende kulturminnene (verneverdig eldre driftsbygning og fleire steingardar) Dersom det kjem fram andre kulturminner under arbeidet må alt arbeid stoggast, og Hordaland fylkeskommune varslast (Telefon 55 23 90 00).
3. Det skal kun nyttast reine masser som definert av forureiningsforskriftas normverdier.
4. Søkjær er ansvarleg for at vegmynde er orientert og at naudsynte løyve er på plass før igangsetjing.
5. Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med Tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt fastsatt av Landbruksdepartementet.
6. Området skal såast til så snart det er teknisk mogeleg.
7. Søkjær skal melde til landbrukskontoret ved ferdigstilling av tiltaket jf. §4-8

Vedtaket er gyldig til 20/06/2016

**Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan frist for løyve , fell løyvet bort, jf FOR-1996-12-20-1200 § 3-3.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunnleggast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nyttig, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar landbruk Kristine Skaiaa Born.

Med helsing

Toril Marie Mulen  
leiar

Kristine Skaiaa Born  
rådgjevar landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Austrheim kommune

Sætremarka 2      5943

AUSTRHEIM

**Mottakere:**

Jan E. Vikebø

Vidar Raugstad